

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 105/2016**

2017/EØS/76/02

av 3. juni 2016

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd (EU) 2016/169 av 5. februar 2016 om endring av avgjerd 2010/221/EU med omsyn til nasjonale tiltak for å hindre at visse sjukdommar hjå vassdyr vert innførte til Irland, Finland, Sverige og Det sameinte kongeriket⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve. Føresegner om veterinære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 3) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg I kapittel I del 4.2 nr. 94 (kommisjonsavgjerd 2010/221/EU), skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32016 D 0169**: Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd (EU) 2016/169 av 5. februar 2016 (EUT L 32 av 9.2.2016, s. 158).”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsavgjerd (EU) 2016/169 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 4. juni 2016, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

⁽¹⁾ TEU L 32 av 9.2.2016, s. 158.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 3. juni 2016.

For EØS-komiteen

Claude Maerten

Formann